
Søkjær

Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Bergen bibliotek
Institusjonens e-postadresse	hans.tyssen@bergen.kommune.no
Postadresse	Strømgaten 6
Postnummer	5015
Poststad	Bergen
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Julie
Etternamn	Andersland
Telefon	41 611 572
E-post	julie.andersland@bergen.kommune.no
Er institusjonens leiar kontaktperson for prosjektet?	Nei

Kontaktperson

Fornamn	Hans Eirik Systad
Etternamn	Tyssen
Telefon	94 869 926
E-post	hans.tyssen@bergen.kommune.no

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype

Innsatsområde

Innsatsområde

- FNs bærekraftsmål og bibliotek
- Nye samarbeidsformer

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel

Klimafestival for born og unge

Mål

Bergen Offentlige Bibliotek vil gje born og unge (4 til 16 år) kunnskap, handlekraft og ei kjensle av å bli tekne på alvor i klima- og berekraftsspørsmål ved å etablere ein klimafestival for born forankra i alle dei ulike bibliotekavdelingane i byen.

Klimafestivalen har som mål at born og unge:

- Vert tekne på alvor i klimaspørsmål
- Får kvalitetssikra og tilpassa kunnskap og informasjon
- Vert tilbydd konkrete kompetansar og verktøy for handling og endring
- Møter fagfolk og makthavarar på ein arena der stemmene deira vert høyrde

BOB ønskjer å vere eit knutepunkt for berekraftsformidling, og tydeleggjere vår posisjon som opne og inkluderande stader for rekreasjon, debatt, opplysning og kunnskap for målgruppa. Vi vil samarbeide med aktørar som klimaetaten, Bærekraftige liv, Bybonden, Klimaklubben, "Varmere, Våtere, Villere", Redd Barna, og ulike grasrotorganisasjonar knytt til berekraft og nasjonale fagmiljø for å skape eit forum av høg fagleg kvalitet med tilpassa aktivitetar.

Prosjektbeskriving

Bergen Offentlige Bibliotek (BOB) søker utviklingsmidlar for å etablere ein klimafestival retta mot born og unge i kommunen over ein toårsperiode. Vi ønskjer å treffe målgruppa breitt både gjennom skular og barnehagar, og på fritida.

Vi lever i ei tid kor framtidige klimaendringar trugar verdssamfunnet. Forskarar er einige om at endringane skuldast auka temperatur som følgje av menneskelege klimagassutslepp. Dersom vi ikkje greier å redusere utslepp av klimagassar og avgrense temperaturstiginga, viser forskning at klimaendringane blir umoglege å kontrollere. Dette vil få dramatiske økologiske, sosiale, politiske og økonomiske konsekvensar over heile kloden. Cicero senter for klimaforskning slår fast at kring

halvparten av alle unge i Noreg er ganske eller veldig bekymra for klimaendringane, og at det er denne aldersgruppa som bekymrar seg mest.

Gjennom prosjektet "Klimafestival for born og unge" ønskjer BOB å bygge opp biblioteket som ein arena for arbeid mot FN sine berekraftsmål der born vert tekne på alvor som aktørar i klima- og berekraftsspørsmål. Dette er viktig av fleire grunnar:

- Klimabekymringa mange unge kjenner på kan gje grobotn til maktesløyse og eksistensiell frykt, men den kan også gje engasjement, motivasjon og kampvilje dersom dei opplever handlekraft og at stemmene deira vert lytta til.
- Det er born og unge som i stor grad får oppgåva med å nå FN sine klimamål i 2050.

Medan det etter kvart finst ei rekke klimafestivalar i Noreg, er det så vidt vi veit ingen med dei som skal leve med og takle klimaendringane, nemleg born og unge, som målgruppe. Dette er altså nybrottsarbeid, og vi ønskjer at prosjektet ikkje berre skal resultere i ein årleg klimafestival ved BOB, men også i ein gjennomføringspakke som legg til rette for at andre folkebibliotek kan lage eigne arrangement etter same lest. Vi har henta inspirasjon frå mellom anna Klimatoppmøte for born i Aarhus og ODA-nettverket sine Girl Tech-konferansar.

Bergen kommune sitt klimamål er å vere ein pådrivar for ei offensiv, radikal og rettferdig klimaomstilling, slik at alle i Bergen kan leve gode liv med låge klimagassutslepp i eit endra klima. BOB ønskjer å posisjonere seg som ein viktig aktør og naturleg samarbeidspart i arbeidet mot denne målet. I kommunen sin «Grønn strategi – Klimastrategi 2022-2030» kan vi lese at born må prioriterast i klimaarbeidet; dei har liten innverknad på klimaendringane gjennom eigne val, og vil samstundes oppleve stadig verre konsekvensar av eit endra klima i framtida. Det er viktig at born og unge blir gitt ei stemme, og [...] får verktøy som gjer det mogleg å ha ei aktiv rolle i klimaomstillinga (Grønn strategi, 2022, s. 29).

Måla speglar både nasjonal bibliotekstrategi og temaplanen som BOB har inne til politisk handsaming:

- Bibliotekene befinner seg i skjæringspunktet mellom kultur, utdanning og livslang læring, folkehelse og sosialt arbeid. Dette gir et godt utgangspunkt for å jobbe aktivt med [FNs] bærekraftsmål.
- Bibliotekene er tuftet på ideene om folkeopplysning og delingsøkonomi.
- Bibliotek kan, gjennom sin formidling av samlingene, ulike arrangement og tjenester, bidra til at innbyggere kan leve sine liv på en bærekraftig måte og kunne bidra til at samfunnsutviklingen er bærekraftig. (Nasjonal Bibliotekstrategi, s. 8)
- BOB skal ta bærekraftige valg for egen virksomhet, og samtidig sørge for at Bergens befolkning får kjennskap til bærekraftsmålene, og mulighet til å leve mest mulig bærekraftig.
- I planperioden er det viktig å utvikle strategier for å innfri også de av målene som mer spesifikt handler om å begrense belastningen på klima og miljø. Dette er mål som omhandler ansvarlig forbruk og produksjon, utvikling av bærekraftige byer, og å stoppe klimaendringer.
- I tråd med Grønn strategi (2022-2030) vil biblioteket bidra til visjonen om en radikal og rettferdig klimaomstilling. (BOBs temaplan, s. 5)

Festivalen vil ha FN sine berekraftsmål som overordna rettesnor, og særskilt nokre av måla utmerker seg som relevante:

- 4 - Vi ønskjer at born og unge skal få kunnskap av høg fagleg kvalitet, tilpassa seg sjølve
- 12 - Festivalen vil ha aktivitetar som rettar seg mot ansvarleg forbruk, til dømes redesign og matkurs
- 17 - Samarbeid med andre aktørar med same mål er ein grunntanke for festivalen

BOB fekk i 2023 stønad frå klimaetaten til eit forprosjekt der vi har testa ut to moglege aktivitetar i ein framtidig klimafestival. Det eine er bygging av ein teknologisk mikrohage som er nytta i bibliotekets kodeklubbar og dannar grunnlag for eit vidare samarbeid med Bybonden. Det andre er eit formidlingsopplegg knytt til boka "Embla - kampen for fremtiden" av Midthun og Samset. Elevane arbeider med boka i forkant med workshopar og ein leselogg utarbeidd av biblioteket. Prosjektet resulterer i ei elevskapt utstilling der leiar for klimaetaten kjem og andre tilknytt sektoren er invitert. Gjennom forprosjektet hentar vi inn tilbakemeldingar og erfaringar frå elevane som grunnlag for utvikling av programkonsept til festivalen.

I år 1 av søknadsperioden vil vi gjennomføre ein pilotfestival der vi utviklar nettverk og programkonsept, samlar erfaringar og inkorporerer nokre av aktivitetane vi har erfaring med, til dømes dei to aktivitetane utvikla i forprosjektet, REDIS - meisterskap i redesign, og samarbeid med Bybonden knytt til frøbiblioteka ved BOB. Vi ønskjer å arrangere festivalen parallelt med den veletablerte klimafestivalen Varmere, Våtere, Villere for å kunne nytte oss av aktørar og ekspertise som allereie er i byen. Pilotfestivalen arrangerast ved ulike bibliotekavdelingar som vil ha eit arrangement for skule/barnehage og eit laurdagsarrangement kvar. Aktivitetane vil springe ut av dei felles måla;;

- Gje konkrete kompetansar og verktøy for handling og endring
- Fagleg formidling av høg kvalitet
- Born og unge sine stemmer vert høyrde

Etter gjennomføring av pilotfestival vil vi hente inn tilbakemeldingar frå deltakarar og evaluere desse med sikte på å forbetre og oppskalere i andre år av søknadsperioden. Vi vil bruke erfaringane til å lage ein gjennomføringspakke som andre folkebibliotek kan nytte for å skape tilsvarande arrangement kring i landet, gjerne parallelt med klimafestivalen vi skal lage ved BOB i år 2 av søknadsperioden.

Evalueringane av pilotfestivalen vil danne grunnlag for å utvikle samarbeidsnettverk og programkonsept mot klimafestivalen i år 2. Vi vil halde fram med å involvere representantar frå målgruppa i dette arbeidet. Her vil vi og ha breiare tidshorisont, som legg til rette for å utvikle samarbeid med andre aktørar og samanfallande programmering med Varmere, Våtere Villere. Klimafestivalen i år 2 vert forankra i alle bibliotekavdelingar ved BOB med Bærekraftslaben som naturleg sentrum. Målet er at samlege har arrangement torsdag, fredag og laurdag.

Gjennom prosjektet skal BOB skape ein gjennomføringspakke med erfaringar, malar for arrangement,

idear til aktivitetar, og forslag til litteratur, innslag og formidlarar som lett kan nyttast av andre folkebibliotek med tanke på å etablere ei rørsle av liknande klimafestivalar over heile landet. Pakkane vert fleksible og kan nyttast til enkeltarrangement eller festivalar i ulik størrelse og lengde. Vi har som målsetjing at festivalen skal vere eit årleg arrangement som inngår i drifta ved BOB etter prosjektperioden.

Dersom vi mottek mindre stønad enn søkt om vil vi freiste å tilpasse og gjennomføre prosjektet i mindre skala.

Framdriftsplan

Prosjektet er

Toårig

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskriving

Etablere samarbeid og bygge nettverk for pilotfestival.

Aktivitetsperiode

Fra dato

01.01.2024

Til dato

01.02.2024

Beskriving

Utvikling av programkonsept
Programmering av pilotfestival

Aktivitetsperiode

Fra dato

01.02.2024

Til dato

08.03.2024

Beskriving

Gjennomføring av pilotfestival.

Aktivitetsperiode

Fra dato	11.03.2024
Til dato	18.03.2024
Beskriving	Innhente tilbakemeldingar og evaluere pilotfestival Lage gjennomføringspakke for arrangement andre stader
Aktivitetsperiode	
Fra dato	18.03.2024
Til dato	12.04.2024
Beskriving	Utvide nettverk Tilknytte seg nye samarbeidspartnarar Invitere andre folkebibliotek til å ha arrangement eller egne pilotfestivalar
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.05.2024
Til dato	31.08.2024
Beskriving	Vidareutvikle programkonsept med fokus på brukarmedvirkning frå born og unge
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.09.2024
Til dato	30.11.2024

Beskriving	Programmere klimafestival. Støtte programmering til arrangement og pilotfestivalar ved andre bibliotek.
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.10.2024
Til dato	28.02.2025
Beskriving	Gjennomføre klimafestival for born og unge, samt bidra med kunnskapsoverføring til arrangement/pilotfestivalar ved andre bibliotek
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.03.2025
Til dato	31.03.2025
Beskriving	Evaluere klimafestival. Kunnskapsoverføring og formidling av resultat ved å lage gjennomføringspakke for klimafestival for born og unge som kan delast med andre folkebibliotek.
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.04.2025
Til dato	30.06.2025
Beskriving	Jobbe for vidare finansiering av klimafestivalen og å overføre den til del av drift ved Bergen Offentlige Bibiliotek. Støtte andre folkebibliotek med erfaringar og gjennomføringspakke i etablering av klimafestival for born og unge.

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.08.2025
----------	------------

Til dato	31.12.2025
----------	------------

Andre opplysninger

Andre opplysninger/kommentarer om
framdrifts-/aktivitetsplan

Budsjett

1. prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket	675 000
--------------------------------------	---------

Andre inntekter 1. prosjektår

Beskriving	40% eigenandel
------------	----------------

Beløp	450 000
-------	---------

Inntekter totalt 1. prosjektår:	1 125 000
---------------------------------	-----------

Utgifter 1. prosjektår

Beskriving	Prosjektleiing
------------	----------------

Beløp	400 000
-------	---------

Beskriving	Honorar - Workshop konseptutvikling før og etter pilotfestival - Innslag pilotfestival
------------	--

Beløp	325 000
-------	---------

Beskriving	Marknadsføring - Grafisk profil - Materiell - Reklamering
------------	--

Beløp	125 000
-------	---------

Beskriving	Opphold og transport/reise
------------	----------------------------

Beløp	125 000
-------	---------

Beskriving	Arbeidstimer tilsette ved BOB
------------	-------------------------------

Beløp	150 000
-------	---------

Utgifter totalt 1. prosjektår:	1 125 000
--------------------------------	-----------

2. prosjektår

Inntekter 2. prosjektår

Beskriving	Støtte frå Nasjonalbiblioteket
------------	--------------------------------

Beløp	615 000
-------	---------

Beskriving	40% eigenandel
------------	----------------

Beløp	410 000
-------	---------

Inntekter totalt 2. prosjektår: 1 025 000

Utgifter 2. prosjektår

Beskriving Prosjektleiing

Beløp 350 000

Beskriving Honorar
- Innslag klimafestival

Beløp 350 000

Beskriving Marknadsføring

Beløp 25 000

Beskriving Opphold og transport/reise

Beløp 180 000

Beskriving Arbeidstimer tilsette ved BOB

Beløp 120 000

Utgifter totalt 2. prosjektår: 1 025 000

Totalt

0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *

Ja

Namn

Klimaetaten i Bergen Kommune

Beskriv samarbeidet

- Stønad til forprosjekt
- Deltok på workshop og opninga av utstilling i forprosjekt
- Hjelp med kontakt av potensielle partnerar
- Søker støtte til klimafestival

Namn

Varmere, Våtere, Villere Klimafestival

Beskriv samarbeidet

- Parallell arrangement
- Erfarings- og kunnskapsutveksling
- Bookingsamarbeid

Namn

Klimaklubben

Beskriv samarbeidet

- Klimaklubben er tilknytt Bærekraftige Liv Landås, og driv med berekraftsaktivitetar av, med og for born.
- Brukarmedvirkning born
 - Program- og konseptutvikling

Namn

Arild Midthun

Beskriv samarbeidet

- Arild midthun er forfattar av boka Embla saman med seniorforskar ved Cicero, Bjørn Samset. Boka har vore brukt i formidlingsopplegget vi utvikla i forprosjektet og Midthun har deltatt på workshop med elevar.
- Formidling

Namn	Rudolf Steinerskolen i Bergen
Beskriv samarbeidet	7. klasse ved Rudolf Steinerskolen i Bergen har vore forsøkskaniner i formidlingsdelen av forprosjektet vårt - Brukarmedvirkning born - Program- og konseptutvikling
Namn	Redd barna
Beskriv samarbeidet	- Brukarmedvirkning born
Namn	Andre aktører
Beskriv samarbeidet	Her er ei rekke andre aktører som vi anten har andre samarbeid med, har vore i kontakt med, eller ser på som potensielle samarbeidspartnarar for prosjektet: ViilVite Bergens Tidende Bjerknessenteret CICERO Spacelab ved Universitetet i Bergen Akvariet i Bergen Fremtiden i våre hender Bærekraftige Liv Natur og Ungdom / Naturvernforbundet Vestland Fylkeskommune Fritt Ord

Vedlegg

Last opp vedlegg

Samandrag og innsending